

---

**Fra:** post@gripengard.no  
**Sendt:** 8. desember 2017 19:33  
**Til:** Laila Bjørge  
**Emne:** Foto grøfting  
**Vedlegg:** DSC\_0058.JPG; DSC\_0059.JPG; DSC\_0062.JPG; DSC\_0064.JPG;  
DSC\_0065.JPG; DSC\_0070.JPG; DSC\_0073.JPG; DSC\_0244.JPG;  
DSC\_0248.JPG; IMG\_0005.JPG; DSC\_0077.JPG

Hei Laila.

Her er bilda eg tok sist veke. Eg trur nesten alt er med, stort sett i alle fall. Vonar du kjenner deg att. Eg har reinsa grøftene mange gonger i vinter og i haust, det vert mykje blad og gras og rust. Det er dei haugane du ser. Eg skal fjerne det ein dag eg kan køyre med traktoren, men utan frost. Trur elles at Bart og Henry kjem ein dag i neste veke så me får sett opp gringbygget. Det gler eg meg til! Bortsett frå sauesorgen, er livet fint! :-)

Beste helsing  
Helene Olli Sollid,  
Gardbrukar og altmuligoter  
Gripen gard  
Gripavegen 86, 5918 Frekhaug  
56176416/99293971

On 8 December 2017 at 10:00:01 +01:00, Laila Bjørge <[Laila.Bjorge@meland.kommune.no](mailto:Laila.Bjorge@meland.kommune.no)> wrote:

Hei

Godt å høyra at du klarte å gjera det sjølv om det er veldig tungt og vanskeleg. Det høyrest ut som du får gjort masse bra i Gripen, og det vert spennande å sjå framover korleis det går med ulike satsingar. Du skulle ta nokre bilete å senda får grøftinga. Får du gjort det i helga så kan me senda inn utbetaling av grøftetilskot på mandag, då vert pengane utbetalt før jul. Det kommunale tilskotet vert nok ikkje før i januar.

Spelte inn til styringsgruppa for Smaken av Nordhordland at me burde endra namn og det var dei positive til. Du kan jo byrja å tenkja på gode namn du som har så mange idear.

Ha ei fin helg

Helsing Laila

**Fra:** [post@gripengard.no](mailto:post@gripengard.no) [mailto:[post@gripengard.no](mailto:post@gripengard.no)]

**Sendt:** mandag 4. desember 2017 18.07

**Til:** Laila Bjørge

**Emne:** Trist, men flink

Hei Laila.

Har akkurat sendt 14 lam og sauер til. Då vart det 24 til saman. Spara nokre lam, nokre gutar som skal verte deilig marmorert kastratkjøt, og tre lam som var alt for små, og to som var veldig rasetypiske og ei eg ikkje fekk til å sende. Så har eg luka ut dei minst rasetypiskeøyene, pluss dei eg hadde problem med. EG sende til og med min elskling Rusket, ho har hatt renneræv kvar sommar, men var godt i hald likevel no. Men det er så mykje arbeid med desse sauene, vonar eg får luka ut dei som lagar til ekstra-arbeid for meg. Etter kvart vonar eg at eg får ein veldig rasetypisk flokk. I tillegg har eg seld og leigd ut 7 vêrar, så eg har att akkurat halve flokken no.

Det er verkeleg frykteleg hardt for meg å sende, og eg gret. Og gret litt til. Og endå litt. EG måtte grine då alle var ombord, men sjåføren trøysta meg og sa at eg ikkje var åleine, "det er mange slek så deg", sa han, og meine eg ikkje var noko därlegare bonde av den grunn. Så gav eg han eit glas syltetøy, slik at han ikkje skal gløyme meg til neste år, sidan han kom nesten to timer for tidleg sist, og faktisk gløymde meg i dag, slik at eg måtte etterlyse han. Men han er ein god mann, og det er faktisk viktigare ennå vere punktleg.

Eg ville berre fortelje deg dette, så du ikkje skal vere uroleg for at eg skal feige unna å sende dei frå meg. Eg får berre elske dei nasegrust medan dei kan vere her, og vere glad for den tida me fekk, og prøve å ikkje sorgje så følt! No når eg veit at eg har gjort alt "etter boka" er eg veldig letta, og eg har kosa og trøysta meg med dei andre, og er veldig glad for at eg har dei.

Til slutt kan eg fortelje at eg tek alt i retur, og at eg har fått avtale med Matkollektivet.no i Bergen. Eg har og hatt Debio-besøk, så eg vert vel godkjend til våren.

Eg har hatt to kurs no, og pengar kjem inn! Og den spinnville hunden byrjar å roe seg litt, og det er nesten ingen uhell inne.

Mor kjem den 8. desember, og Hjertrud har vore med i smia, og det var skikkeleg fulltreffar og ho var kjempeflink!

Og sånn går no dagan....

Beste helsing

Helene Olli Sollid,

Gardbrukar og altmuligoter

Gripen gard

Gripavegen 86, 5918 Frekhaug

56176416/99293971